

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 10.12.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Innovasjon og næring har fleire prosjekt under arbeid, som vert finansiert av budsjettmidlar sett av på løyvingsområde naturressursar, landbruk og reiseliv. Det vert lagt opp til følgande bruk av desse midlane:

- 2 mill kr til delfinansiering av den forsterka marine innsatsen: berekraftig sjømat
- 1 mill kr til delfinansiering av vestlandsprosjektet for frukt, bær og grønt
- 1,5 mill kr til omstillingsinnsats i utvalde kommunar, jf fylkeskommunal finansiering i nasjonalt omstillingsprogram
- 0,5 mill kr til Blått kompetansesenter Vest

Midlane vert dekkja over innovasjon og næring sitt budsjett for 2021, løyvingsområde naturressursar, landbruk og reiseliv. Fylkesdirektøren får ut frå dette fullmakt til å gjennomføre dei disposisjonar som er nemnde.